

Dagmar Ølnes Lotsberg
Kjørnes
6856 Sogndal

Sogndal, 21. mars 2010

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Spørsmål om status for sak nr. 09/3512, arkiv nr. 423.1

Eg viser til brev frå fylkesmannen av 14.12.2009, der Sogndal kommune sitt vedtak om byggjeløyve vart oppheva. Av brevet går det fram at dette var eit endeleg vedtak som ikkje kunne klagast på. Eg hadde dermed venta at brevet ville bli lagt ut på kommunen si heimeside som orientering til forvaltningsutvalet i møte den 18.01.2010. Eg viser til utdrag av møteprotokollane til forvaltningsutvalet for dei tre fyrste møta i år, der det er lagt ved brev frå fylkesmannen med melding om vedtak i fleire andre klagesaker. Eg finn det derfor svært merkeleg at brevet av 14.12.2009 enno ikkje er lagt fram for forvaltningsutvalet. Eg finn det også rart at ingen av medlemmene i utvalet har etterlyst brevet frå fylkesmannen sidan fylkesmannen sitt opphevingsvedtak vart omtalt i Sogn Avis og burde ha stor interesse for utvalet.

Møteprotokoll for forvaltningsutvalet 25.03.2010:

C. Vedtak i klagesak – mellombels byggjeforbod på gnr 17 bnr 73, Markavegen 10 – Nils og Liv Husabo.

Brev datert 03.03.2010 frå Fylkesmannen med stadsfesting av vedtak. (arkivsak 09/2067).

D. Vedtak i klagesak – avvisning av klage på tiltaksklasseplassering – rammeløyve for oppføring av bustadhus, gnr. 21, bnr. 156. Brev datert 15.03.2010 frå Fylkesmannen. (arkivsak 09/1106).

E. Klage på administrativt vedtak. Brev datert 11032010 frå Hermund Hundere (arkivsak 10/264)

F. Oversikt frå Fylkesmannen over klagesaker i fylket etter plan- og bygningslova 2008-2009. Eige ark.

Møteprotokoll for forvaltningsutvalet 18.02.2010:

C. Vedtak i klagesak som gjeld klage på reguleringsplan "Saften" i Sogndal kommune. Kopi av brev datert 08.02.2010 frå Fylkesmannen i S. og Fjordane. (arkivsak 08/1061-75)

Møteprotokoll for forvaltningsutvalet 18.01.2010:

C Brev datert 15.12.2009 frå Miljøverndepartementet. Myndigheter med innsigelseskompetanse i plansaker etter plan- og bygningsloven.

Av dei offentlege møteprotokollane som ligg på heimesida til Sogndal kommune, går det ikkje fram at forvaltningsutvalet eller andre politiske organ i Sogndal kommune, har gjort vedtak om å sende saka i retur til fylkesmannen. Rådmannen har heller ikkje fått fullmakt til å klage på fylkesmannen sitt vedtak eller la vere å gjennomføre eit vedtak som han er usamd i. Eg minner om at rådmannen brukte uvanleg lang tid både på klagehandsaminga og ikkje minst på oversendinga av denne klagesaka til fylkesmannen i fjor haust:

- Klagen er datert 20.06.2009
- Klagen vart avvist av forvaltningsutvalet i møte den 24.09.2009
- Klagesaka vart send frå kommunen den 1.12.2009 etter at fylkesmannen hadde etterlyst saka!

Til orientering legg eg ved kopi av eit brev frå Sogndal kommune av 12.01.2010 der det står: *"Kommunen har ikkje bedt fylkesmannen ta saka opp til ny vurdering."* Eg var ikkje klar over at Sogndal kommune likevel sende saka i retur ein gong mellom 12. januar og møtet i kontrollutvalet den 17. februar. Dette fekk eg fyrst informasjon om i eit brev frå leiaren av kontrollutvalet den 19.03.2010. I utgreiinga av sak 3/2010 står det:

"Som det går fram av e-posten frå Dagmar Ølnes, vedlegg 1, oppheva fylkesmannen vedtaket om byggjeløyve den 14.12.09. Etter dette har saka blitt sendt i retur til fylkesmannen, frå kommunen si side, for ny handsaming. Ølnes reagerer på framgangsmåten og ber kontrollutvalet i brev av 09.01.2009 kontrollutvalet om å sjå nærare på både rådmann, ordførar og forvaltningsutval sine roller i saka."

Til orientering legg eg ved kopi av brevet og møteboka til kontrollutvalet.

Eg har ikkje motteke kopi av kommunen sitt oversendingsbrev til fylkesmannen og kjenner ikkje til kommunen si grunngjeving for å sende saka i retur etter at det var sendt brev til meg om at dette ikkje var aktuelt. Eg finn denne saksgangen svært uryddig, og stussar også over at fylkesmannen ikkje har journalført nye dokument på sak nr. 09/3512 etter brevet mitt av 18. januar 2010 (dok. nr. 23).

Eg ber om å få tilsendt kopi av oversendingsbrevet frå Sogndal kommune og eventuelt andre nye dokument i saka. Eg ber også om ei orientering om kva tid det kan ventast svar på brevet frå Johannes Idsø til fylkesmannen av 23.12.2009 (dok. nr. 15).

Med helsing

Dagmar Ølnes Lotsberg

Vedlegg:

Brev frå Sogndal kommune, Plan og næring av 12.01.2010

Brev m/vedlegg frå kontrollutvalet i Sogndal kommune av 19.03.2010